

08/24. Referat frå møte i Strandebarm sokneråd.

Stad: Kyrkjelydshuset.

Tid: Torsdag 21.11.24 kl. 19.00-21.10

Desse møtte: Magrun M. Tordal, Tor-Håkon Berge, Lillian H. Fosse, Helena de Groen, Kjell Hoff og Jorunn B. Lillefosse.

Forfall: Renate B. Nernes og Vetle K. Eide.

Opningsord v/Margun. Les frå preiketeksten til kommande sundag, om dei kloke møyane.

SAKLISTE:

53/24: Godkjenning av innkalling og møtereferat.

VEDTAK: Det vart meldt inn ei ny sak, 62/24, elles ingen merknader.

54/24: Meldingar.

- **Frå AU:** Leiar vil ta urformell kontakt med andre soknerådsleiarar om å danna ei misjonsnemnd på tvers av sokna. Denne skal jobba med misjonsarbeid i alle kyrkjelydane.
- Orientering om flaumljos ved kyrkja.
- Oppsummering av OPE-HUS samlingar i Strandebarm
- Torill Gjerde set opp klokkekarliste for våren-25.
- Overføring av tilskotsmidlar til klokkeartenesta i kyrkja vår frå Kyrkjeleg fellesråd. Meiner det var ca. 12.000 kr.
- Lions og husstyret har kjøpt inn og sett opp TV-skjerm som erstatning for prosjektor. Denne funka fint på sundagsskulen. Eg bede dei om å fiksa ein lenger HDMI-kabel. Olav Tombre ser på det. Lions og kyrkjelydshuset betaler for skjermen. Soknerådet må senda takkebrev til dei. Kan skrivar formulera og senda?
- Orientering om korleis det går med sundagsskulen.
- Orientering: Konfirmantar med på sundagsskulen.
- Piano i kyrkjelydshuset er nystemt av Torgeir Kinne Solsvik. Fått fakt. På 2500 kr.
- KYrkjetakvøla og opphaldsplass for arbeidrarar.
- Orgelreperasjonen. Orientering om pris.
- Arkivering av materiell. Gamle bilde frå vår kyrkje.
- Kyrkjejubileet. Margun jobbar med å spørja etter personar til ei jubileumsnemnd.

55/24: Skattefrådrag på kyrkjeoffer. (Sjå eige skriv).

Me kan knytta oss til ein link i verksemnda Solidus (må bet ein fast sum pr. mnd) der me kan få automatisk registrering for skattefritak av offergåver, i håp om at dette vil utløysa større gjevarglede.

VEDTAK: Soknerådet er ikkje villige til å prøva dette på noværande tidspunkt. Me let det liggja i år, og så kan event. eit større sokn prøva det ut først.

56/24: Konfirmantjubleumsfest. Kven gjer kva?

- Laurdag: Setja på plass og pynta til fest: Leni, Margun og Lillian. Kjell hjelper til med å setja ut bord og stolar.
- Sundag: Renate og Jorunn baker kvar si kake. Margun steikjer lappar. Lillian kokar kaffi. Renate, Jorunn, Lillian og Leni serverer og ryddar. Kjell kjem og ryddar vekk bord og stolar. Margun leier festen.

57/24: Sundagsskulen sin julefest. Kven vil bidra med hjelp?

Festen vert 5. januar -25. Både Lillian, Tor-Håkon, Jorunn og Margun kunne vera med. Anne-Marie Berge vert også med.

58/24: Planlegging av 1.halvår-25. Kva ynskjer me skal skje i kyrkjelyden vår?

05.01. Julefest for sundagsskulen.

30.03. Gospelkveld i kyrkja og deretter korgafest i kyrkjelydshuset med innbedne gjester.

23.06. Jonsokfeiring på Evja. Sundagsskulen er arrangør.

Me ynskjer også ein kulturkveld i vårhalvåret der det vert presentert glimt av kristentru i Jon Fosse sine tekstar. Dette må verta eit samarbeid med Fossestiftinga.

VEDTAK: Soknerådet er samde med AU i dette.

59/24: Offerliste i gudstenestene.

Orientering: pr skrivande stund er det ikkje tilgjengelige gudstenesteliste. Denne kjem som vedlegg før møtet eller under møte med forslag til offerliste.

VEDTAK: Det var enno ikkje komen ei fullstendig liste over gudstenestene i Strandebarm, men me veit at det skal vera 11 gudstenester. Soknerådet foreslo at desse skulle stå på offerlista for 1. halvår: Bibelselskapet, Kyrkjelydsarbeidet bør få 2 offer, det same også til orgelreperasjonen, Kirkens nødhjelp, Himalpartner, Sundagsskulen i Norge, KIA, KAB og Indremisjonssamskipnaden.

60/24: Kyrkjebladet. Kven kan senda inn stoff til bladet. Vera med i redaksjonsnemnd?

Alle må vera flinke å levera inn stoff/ bilde når dei meiner at dette kan vera kjekt å få med i bladet. Johannes Børsheim var med då Strandebarm hadde eige kyrkjeblad. Han er spurd om å vera med vidare. Han skulle tenkja over saka.

61/24: Ny kasserar. Kven kan me spørja?

Torleiv Ljones vil slutta. Margun fekk tips om fleire personar som ho kunne spørja. Ho tek kontakt med dei aktuelle kandidatane.

62/24: Nyttårgudsteneste.

Det er kome spørsmål frå kyrkjetenar Monica om det er nødvendig med gudsteneste både julafta og nyttårsafta.

VEDTAK: Soknerådet har ikkje lyst til å avlysa gudstenesta på nyttårsafta, det er mange som ser på det som ein god tradisjon å gå til kyrkje denne kvelden. Men me kan jobba dugnad slik at ho kan få fri. Lillian er vilig til å vera kyrkjetenar den kvelden.

Ref:

Jorunn Lillefosse